

## Høyringssvar frå Fjellnettverket:

### **Alminnelig høring av forslag til endringer i plan- og bygningsloven (fortetting, transformasjon og utbyggingsavtaler mv)»**

Fjellnettverket er eit politisk nettverk og representerer kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Vi arbeider for å sette viktige tema for fjellområda på dagsorden og for å skape livskraftige bygder.

Vi viser til «Alminnelig høring av forslag til endringer i plan- og bygningsloven (fortetting, transformasjon og utbyggingsavtaler mv)» sendt ut på høring 30.06.2021.

Forslaget frå departementet til endring i plan og bygningsloven skal legge til rette for at det kan skje ei meir samla eigedomsutvikling og det blir foreslått ein ny områdemodell for finansiering av infrastruktur. Det overordna målet med forslaget er å legge til rette for betre bustadbygging.

I forslaget til områdemodell blir det lagt opp til at private kan vere med og finansiere veg, vatn, avløp, parkar/friområde og at storleiken på private kostnadsbidrag innafor avgrensa område kan setjast fast i reguleringsplan. Områdemodellen opnar for retningsliner om plangjennomføring, innføring av forpliktingar om finansiering frå grunneigarar inntil 20 år. Kostnadene kan ikkje vere større en det utbygginga faktisk belastar infrastrukturen og sosial infrastruktur kan ikkje inngå.

Fjellnettverket støttar Bykle kommunes høyringsinnspeil og ber departementet om å supplere forslaget med ordningar og regelverk som er betre eigna for fjell kommunar. Fjellnettverket foreslår at forslaget utvidast slik at ein sikrar at det nye regelverket er relevant både for bygd og by. Det bør òg i større grad vere tilpassa avtaler om «fellesgode-infrastruktur» og stad-/områdeutvikling i fjellområda og område for fritidsbustader.

Ei av dei store utfordringane for mange fjellkommunar og andre kommunar med mykje turistar og fritidsbustader, er behovet for privat med-finansiering av infrastruktur for tilreisande. Dette gjeld til dømes løypestruktur, inkludert skibruer, over- og undergangar for å binde saman av løypenettet, krysse hovudvegar og vassdrag. Etablering av aktivitetsområde er meir relevant for mange av våre kommunar enn parkar. Dette er ein del av stadutviklinga og der det i mange kommunar vil vere relevant med samarbeid frå private utbygjerarar.

Forslaget frå departementet bygger i hovudsak på erfaringar frå byområde og Fjellnettverket vil understreke at det er mange kommunar og utbyggerar som har viktige erfaringar med andre løysingar.

Kommunar og regionar i fjellområda legg eit viktig grunnlag for god og systematisk utvikling lokalt. Fjellnettverket ynskjer å understreke at det er behov for eit regelverk som tar omsyn til den dei infrastrukturbehova fjellområda har. Me ynskjer òg løypestruktur og anna fysisk tilrettelegging blir inkludert i omgrepet infrastruktur.

Plan- og bygningslova og ordningar som utbyggingsavtale bør vere slik innretta at dei kan bli eit sentralt verktøy for å legge til rette for lokal og regional utvikling i distrikta.

Bruken av fritidsbustader og kravet til infrastruktur har endra seg over tid. Sidan 90-talet har endringane i måten nordmenn brukar og byggjer fritidsbustader endra seg: Frå små hytter med enkel standard, til ein bustad nummer to, med høg standard. Krav til infrastruktur har auka og nye regelverk kring dette må ta omsyn til at det er store skilnader mellom bygd og by.

Fjellnettverket ber Kommunal og moderniseringsdepartementet sjå nærare på desse utfordringane og ein eventuell tilleggsutgreiing for å vidareutvikle Plan- og bygningslova i høve fjell og reiselivskommunane i distrikta.